



Giske kommune
historisk og framtidsretta

Framlegg frå formannskapet til kommunestyret.

ALKOHOLPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR GISKE KOMMUNE 2024-2028

Forvaltning og handheving av alkohollova og
alkoholforskrifta



Vedtak: Giske kommunestyre, k-sak 89/2024
Dato: 26.09.2024

Innhald

1.	Alkohollova - formål.....	5
2.	Målsetjingar for alkoholpolitikken i kommunen.....	5
3.	Lowerket	5
4.	Definisjonar og aldersgrenser.....	6
5.	Bevillingar.....	6
5.1	Faste salsbevillingar	6
5.2	Faste skjenkebevillingar	7
5.3	Skjenkebevilling ved enkelthøve	7
5.4	Ambulerande skjenkebevilling.....	7
6.	Omsyn ved saksbehandling av søknader om sals og skjenkebevillingar.....	8
6.1	Vilkår tildeling av sals- og skjenkebevillingar	8
6.2	Universell utforming	8
7.	Ansvar	9
8.	Søknadsprosessar.....	9
8.1	Rutine for søknad om faste sals- og skjenkebevillingar	9
8.2	Rutine for søknad om forlenga faste sals- og skjenkebevillingar	9
8.3	Rutine for søknad om skjenkebevillingar ved enkelthøve og ambulerande skjenkebevillingar	10
9.	Bevillingsperiode for faste sals- og skjenkebevillingar	10
10.	Styrrar og vara for styrrar.....	10
11.	Sals- og opningstider.....	11
11.1	Salstider for øl i butikk.....	11
11.2	Tider for sal og skjenking av alkohol.....	11
11.3	Opningstider ved serveringsstadar	11
12.	Driftskonsept.....	11
12.1	Restaurant	11
12.2	Kafé	11
12.3	Pubar og diskotek	12
12.4	Ungdomsdiskotek	12
13.	Idretts- og samfunnshus.....	12
14.	Kommunale bygg	12
15.	Rusfrie arrangement	12
16.	Avgrensingar.....	12
16.1	Stadar det ikkje blir gitt skjenkeløyve	12

16.2	Stadar eller situasjonar der skjenkebevilling kan ikkje påreknast	13
17.	Skjenking utandørs	13
18.	Omsetjingsoppgåve	13
19.	Gebyr for sal og skjenking	14
20.	Kontroll med sals- og skjenkjebevillingane.....	14
21.	Kontroll av sals- og skjenkestadene.....	14
22.	Reaksjonar ved brot på alkohollova og anna relevant lovverk	15
22.1	Reaksjonar ved brot ved faste sals- og skjenkebevillingar	15
22.2	Reaksjonar ved brot ved skjenkebevilling ved enkelthøve og ambulerande skjenkebevillingar	15
23.	Delegering av mynde i Giske kommune	15
24.	Klage.....	16
24.1	Klage ved avslag på søknad om skjenkebevillingar	16
24.2	Klage ved tildeling av prikkar	16

ALKOHOLPOLITISK PLAN FOR GISKE KOMMUNE

Gjeld for perioden 01.10.2024 – 30.09.2028

Kommunen skal ha ein alkoholpolitisk handlingsplan, jf. alkohollova [§ 1-7d](#). Handlingsplanen skal oppdaterast kvart fjerde år.

1. Alkohollova - formål

Alkohollova [§ 1-1](#).

«Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.»

2. Målsetjingar for alkoholpolitikken i kommunen

Den alkoholpolitiske handlingsplanen har som mål å

- vere førseieleg og tydeleg, med fokus på å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholbruk kan innebere
- hindre at barn og unge blir eksponert for alkoholhaldig drikk
- hindre bruk av narkotika
- bidra til å minske økonomisk kriminalitet, når det gjeld skattar og avgifter, ulovleg arbeidskraft eller noko som på annan måte bryt med norsk lov
- legge til rette for at omsetjing av alkoholhaldige drikker skal skje i ordna former og på ein slik måte at dei som har fått sal- eller skjenkebevillingar har hovudansvaret for at vilkåra for bevillingane blir etterlevd
- legge til rette for at dei som får bevillingar skal kumme arbeide aktivt for at næringa skal vere sunn både økonomisk og når det gjeld arbeidsvilkår

[Lov om folkehelsearbeid](#).

Kommunen har eit særskilt ansvar for å ivareta eit folkehelseperspektiv innanfor det alkoholpolitiske feltet.

3. Lovverket

Følgjande lovverk står sentralt ved forvaltning og handheving av alkohollova:

- [Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. \(alkoholloven\) – Lovdata](#)
- [Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. \(alkoholforskriften\) – Lovdata](#)
- Kommentarutgåve: Håndbok i alkoholloven m.v.
<https://www.helsedirektoratet.no/rundskriv/alkoholloven>
<https://www.helsedirektoratet.no/rundskriv/alkoholforskriften-med-kommentarer>
- [Lov om behandlingsmåten i forvaltningsaker \(forvaltningsloven\) - Lovdata](#)

4. Definisjonar og aldersgrenser

Alkohollova [§ 1-3](#) og [§ 1-5](#).

Drikk:	Alkoholprosent:	Aldersgrense:
Alkoholfri	0,7 volumprosent	-
Alkoholsvak	0,7 til og med 2,5	-
Alkoholhaldig gruppe 1	2,5 og høgast 4,7	18 år
Alkoholhaldig gruppe 2	4,7 og mindre enn 22	18 år
Alkoholhaldig gruppe 3	22 til og med 60	20 år

Alkohollova [§ 4-2](#).

Skjenkjebevilling ved skjenkestadene i Giske kan gjelde ein, fleire eller alle typar alkoholhaldige drikker. Skjenkjebevilling kan omfatte desse kombinasjonane:

- alkoholhaldig drikk gruppe 1: drikk med høgst 4,7 volumprosent alkohol
- alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2: drikk med mindre enn 22 volumprosent alkohol
- alkoholhaldig drikk gruppe 1,2 og 3: drikk som inneheld til og med 60 volumprosent alkohol

5. Bevillingar

5.1 Faste salsbevillingar

Alkohollova [§ 3-1](#) andre ledd.

- Alkoholhaldig drikk gruppe 2 og 3 blir berre gitt til AS Vinmonopolet
- Alkoholhaldig drikk gruppe 1 blir gitt til utsalsstadar (butikkar)

Det er opning for etablering av filial for Vinmonopolet AS i kommunen.

Nettsal av alkohol gruppe 1:

Med tanke på kontroll- og av næringspolitiske omsyn, skal det ikkje innvilgast salsbevilling for sal til utsalsstadar som ikkje er lokaliserte i kommunen.

Ubetente butikkar:

Giske kommune har opna for sal av alkohol gruppe 1 i daglegvarebutikkar.

Salsstaden må ha ein styrrar for salsbevilling og vara for denne. Desse må ha bestått kunnskapsprøve i alkohollova. Daglegvarebutikkane må ha ei skjerming av ølsalet. Sal og utlevering av øl må ikkje skje til person som er rusa. Kommunen kan og bestemme om det skal setjast tak på tal på bevillingar.

Før det blir gjort vedtak om bevillingar, skal det hentast inn uttale frå politiet og skatteetaten.

5.2 Faste skjenkebevillingar

Alkohollova § 4-2.

Blir gitt til dei som vil drive ein serveringsstad. Styrar og vara for styrar må ha bestått kunnskapsprøvene både om alkohollova og serveringslova. Skjenking av alkoholhaldig drikk krev både serverings- og skjenkebevilling. Ved vurdering av om bevilling skal gjevast, kan kommunen legge vekt på blant anna:

- Tal på sal- og skjenkestadar
- Staden sin profil og plassering
- Målgruppe
- Trafikk- og ordensmessige tilhøve
- Næringspolitiske omsyn
- Omsynet til lokalmiljøet elles

Kommunen kan og bestemme om det skal setjast tak på tal på bevillingar. Før det blir gjort vedtak om bevilling skal det hentast inn uttale frå politiet og sosialetaten. Som hovudregel skal det også innhentast fråsegn frå skatteetaten.

5.3 Skjenkebevilling ved enkelthøve

Alkohollova § 4-2, tredje ledd.

Skjenkebevilling for enkelt høve blir gitt når ei gruppe personar, lag/foreningar, eit kollegium eller liknande arrangerer ein samankomst der sal av alkohol inngår som en del av arrangementet. Salet kan skje ved sal av billetter, ved kuvertpris og/eller ved sal frå bar. Før det blir gjort vedtak om bevilling, skal det hentast inn uttale frå politiet.

5.4 Ambulerande skjenkebevilling

Alkohollova § 4-5.

Blir gitt til lukka lag. Lukka lag er definert som ein bestemt krins av menneske i samband med eit bestemt formål i eit bestemt lokale. Til dømes bryllaup, jubileum osv. Deltakarane i selskapet må ha ei eller anna tilknytning til dei som inviterer til selskapet. Det er ikkje tilstrekkeleg at ein skriv seg på ei liste eller kjøper billetter i forkant av arrangementet. Vanlege medlemsmøte i ei foreining vil ikkje oppfylle krava lova set til slutta selskap. Klubbar og liknande med avgrensa medlemskap blir ikkje i seg sjølv rekna som slutta selskap. Det skal betalast gebyr etter reglane i forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk § 6-2.

Unntak for plikt til å søkje ambulerande skjenkebevilling: Ved leige av lokale der lokale kan bli sett på som erstatning for eiga stove. Unntaket forutset visse vilkår, som til dømes at det ikkje på noko vis blir tatt betaling for alkohol, heller ikkje i form av betaling for kuvert, inngangspengar med meir. Det kan heller ikkje kjøpast eller leigast tenester frå eigar eller drivar av lokala.

Før det blir gjort vedtak om bevilling, skal det hentast inn uttale frå politiet.

6. Omsyn ved saksbehandling av søknader om sals og skjenkebevillingar

Giske kommune skal vere ein god og attraktiv bustad- og etableringskommune. Sal og skjenking av alkoholhaldig drikk skal skje på like konkurransevilkår og med seriøse næringsdrivande.

6.1 Vilkår tildeling av sals- og skjenkebevillingar

Alkohollova [§ 1-7a](#).

Kommunen kan leggje vekt på fleire omsyn når det skal tildelast sals- eller skjenkebevilling. Mellom anna kan det leggjast vekt på talet på sals- og skjenkestadar, lokalisering, målgruppe, kva type verksemd det er, trafikk- og ordensmessige tilhøve, næringspolitiske omsyn samt omsyn til lokalmiljøet. Vilkåret må ha sakleg samanheng med bevillinga som blir gitt. Det skal fremje føremålet med alkohollova, lette kontrollen eller redusere skadeverknadene ved sal av alkoholhaldig drikk. Avgjersler om bevilling byggjer på skjønn, med vide rammer for kva for omsyn ein kan leggje vekt på. Paragrafen nemner eit utval av dei vanlegaste momenta, men opprekninga er ikkje fullstendig. Generelt er alle omsyn som fremjar føremålet med alkohollova relevante. Til ein viss grad kan det også leggjast vekt på andre omsyn enn dei som direkte fremjar føremålet med lova. Avgjersla må takast på sakleg grunnlag. Kommunen står svært fritt når det gjeld å ta færre omsyn, dvs. å praktisere eit snevrare skjønn enn lova gjer. Paragrafen er ikkje ei opprekning av omsyn som kommunen pliktar å leggje vekt på. Vilkåret må ikkje vere urimeleg tyngjande eller urimeleg av andre grunnar. Det er ein samanheng mellom desse to krava: Dess klarare vilkåret fremjar føremålet med lova, dess tyngre vilkår kan akseptast.

Når det gjeld skjenkestadar som er lokalisert i nærleiken av bu-miljø, må det også takast omsyn til natteroa. Differensierte skjenketider vil føre til at folk flyttar seg mellom skjenkestadene, og at skjenkestadene med utvida skjenketid får eit konkurransefortrinn. Dersom det likevel blir gjort vedtak om å utvide skjenketidene ut over normaltida, vil ein tilrå at skjenketida blir knytt til kva type verksemd/konsept det er, og at kommunen opprettheld like skjenketider for alle pubar, spiserestaurantar osb. Der matsservering er ein vesentleg del av konseptet, bør det kunne innvilgast skjenkebevilling. Nyetableringar må presentere eit konsept som viser at alkoholhaldige drikk ikkje er den mest vesentlege delen av tilbodet.

Føresetnaden for bevilling til pubar / barar / diskotek er at aldersgrensa for tilgjenge til staden blir sett til 18 år når det gjeld stadar med skjenking av øl og vin, og 20 år der det er skjenking av brennevin i tillegg.

Det kan gjevast sals- og skjenkebevilling for ein viss del av året, eller for eit einskilt høve, jf. § 1-6 i alkohollova. Skjenkearealet kan også kunne utvidast for eit bestemt høve. Normaltid for sal og skjenking skal gjelde i slike saker.

6.2 Universell utforming

Ved behandling av søknadar om etablering av sals- og skjenkestadar og fornying av bevilling vil kommunen saman med andre tilhøve leggje vekt på om stadane er universelt utforma.

7. Ansvar

Alkoholforskrifta §§ [2-1](#) – [2-4](#).

Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk skal gå føre seg på ein slik måte at skadeverknadene blir avgrensa og alkoholpolitiske og sosiale omsyn blir ivaretekne. Bevillingshavar og personar med stor verknad på drifta skal ha plettfri vandel i høve til lovgjeving som har samanheng med alkohollova sitt føremål, skatte-, avgifts- og rekneskapslovgivinga. Slike omsyn skal ikkje vere eldre enn 10 år.

Den som har fått bevilling til sal og skjenking har plikt til å sjå til at den som sel og skjenkar

- alkoholhaldig drikk gruppe 3 har fylt 20 år
- alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 har fylt 18 år

8. Søknadsprosessar

8.1 Rutine for søknad om faste sals- og skjenkebevillingar

I januar året etter nytt kommuneval annonserer kommunen frist for søknad om sals- og skjenkebevilling for ny fireårsperiode. Bevillingshavarar får brev frå kommunen.

1. Søkjar leverer søknad på elektronisk søknadsskjema
2. Kommunen innhentar fråsegn om vandel frå politiet og sosialtenesta. Det kan hentast uttale frå skatte- og avgiftsmyndigheitene
3. Kommunedirektøren fremjar sak for formannskap og kommunestyret. Det må gjerast vedtak innan 30.09. året etter nytt kommunestyreval
4. Kommunedirektøren sender vedtak til søkjarane, styrarane for salsbevilling/skjenkestyrar og vara for desse
5. Kommunedirektøren sender vedtaka til politiet og skatteetaten, alkohollova § [1-7b](#)
6. Kommunedirektøren sender vedtaka til kontrollør

8.2 Rutine for søknad om forlenga faste sals- og skjenkebevillingar

1. Søkjar leverer søknad på elektronisk søknadsskjema
2. Kommunen innhentar fråsegn om vandel frå politiet og sosialtenesta. Det kan hentast uttale frå skatte- og avgiftsmyndigheitene
3. Kommunedirektøren fremjar sak for formannskap og kommunestyret, det må gjerast vedtak innan 30.09. året etter nytt kommunestyreval
4. Kommunedirektøren sender vedtak til søkjarane, styrarane for salsbevilling/skjenkestyrar og vara for desse
5. Kommunedirektøren sender vedtaka til politiet og skatteetaten, alkohollova § [1-7 b](#)
6. Kommunedirektøren sender vedtak til kontrollør

8.3 Rutine for søknad om skjenkebevillingar ved enkelthøve og ambulerande skjenkebevillingar

1. Søknad skal sendast til Giske kommune minst tre veker før tilskipinga skal finne stad
2. Kommunen sitt søknadsskjema skal nyttast. Søknaden må innehalde opplysningar om kven som skal stå som arrangør og kva tilstelling bevillinga gjeld for, type alkoholhaldig drikke det blir søkt om bevilling for, skjenkestad, dato og tidsrom (klokkeslett) for bevilling. For ambulerande skjenkebevilling må søknaden innehalde opplysningar som tilseier at arrangementet er lukka
3. Dersom det er aktuelt, skal kommundirektøren innhente fråsegn om vandel for bevillingshavar, skjenkestyrar og vara for skjenkestyrar
4. Kommunedirektøren gjer vedtak
5. Vedtak blir sendt til søkjar med kopi til kontrollør, skjenkestyrar og vara for skjenkestyrar

9. Bevillingsperiode for faste sals- og skjenkebevillingar

Alkoholova [§ 1-6](#).

Kommunen gjev fast bevilling til sal og skjenking av alkohol. Bevillingane gjeld i inntil fire år og til seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltre. Kommunen kan avgjere at bevillingar kan gjelde vidare for ein ny periode på inntil fire år med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre har tiltredt. Dette forutset at kommunen etter kommunestyrevalet har tatt ein gjennomgang av alkoholpolitikken inkludert bevillingspolitikken.

10. Styrar og vara for styrar

Alkoholova [§ 1-7 c](#).

Kvar bevilling skal ha ein godkjent styrar med vara som er tilsett på sals- eller skjenkestaden eller arbeider ved verksemda. Styrar og vara for salsbevilling må ha bestått kunnskapsprøve i alkoholova, og styrar og vara for skjenkebevilling må ha bestått både kunnskapsprøve i alkoholova og i serveringslova. Krav til kunnskapsprøve gjeld ikkje ved tildeling av bevilling for eit einskilt høve eller ved ambulerande bevillingar. Brot på krav om styrar og vara for styrar fører til tildeling av to prikkar, jf. alkoholforskrifta [§ 10-3](#) tredje ledd. Kommunen arrangerer kunnskapsprøver. Ved oppmelding til kunnskapsprøve skal det betalast gebyr etter gjeldande reglar, alkoholforskrifta [§ 5-2](#). Påmelding er bindande, gebyret blir ikkje refundert om ein melder seg av eller ikkje møter til prøve.

Den som har fått bevilling til sal og skjenking har plikt til å sjå til at den som sel og skjenkar

- alkoholhaldig drikk gruppe 3 har fylt 20 år
- alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 har fylt 18 år

11. Sals- og opningstider

11.1 Salstider for øl i butikk

Alkoholova [§ 3-7](#).

Giske kommune følgjer maksimaltidene i alkoholova. Salstid frå kl. 08:00. Ølet skal vere gjennom kassaapparatet og betalt

- før kl. 20:00 på kvardagar og dagen før Kristi himmelfartsdag
- før kl. 18:00 på dagar før søn- og heilagdag

11.2 Tider for sal og skjenking av alkohol

Alkoholova [§ 4-4](#).

Alkoholgruppe:	Skjenketid:	Skjenking forbode:
3	kl. 13:00-24:00	kl. 03:00-13:00
2 og 1	kl. 06:00-02:00	kl. 03:00-06:00

Kommunen kan gjere vedtak om å innskrenke og utvide opningstidene i høve til desse tidene. Konsum av skjenka alkoholhaldig drikk må opphøre seinest 30 minuttar etter skjenketida har utløpt.

11.3 Opningstider ved serveringsstadar

Serveringslova [§ 15](#)

Skjenkestadane i Giske kommune kan halde opne så lenge dei vil med unntaka i lovverket om heilagdagsfred. Kommunen kan bestemme eigne opningstider for serveringsstadane i eiga forskrift. Forskrifta må vere tinglyst i Lovdata for å vere gyldig.

12. Driftskonsept

I tillegg til skjenkebevilling må alle skjenkestadar også ha serveringsbevilling. Søkjar skal presentere eit driftskonsept, og driftskonseptet kan ikkje fråvikast utan at det blir søkt om ny bevilling. Til dømes om verksemder som presenterer eit konsept der det inngår servering av mat frå eige kjøken, og som etter ei tid endrar konseptet på ein måte som gjer at skjenking av alkohol blir meir vesentleg enn det som det i utgangspunktet var lagt opp til.

12.1 Restaurant

Ein restaurant har servering ved borda, kjøkken og ein meny i eit visst omfang med blant anna varme middagsrettar. Det er ikkje spesielle krav til aldersgrense. Slike skjenkestadar bør kunne få bevilling til å skjenke alkohol gruppe 3.

12.2 Kafé

Vanlegvis inga servering ved borda, og mattilbodet omfattar ikkje alltid varm mat. Ingen krav til aldersgrenser. Slike verksemder kan få skjenkebevilling for gruppe 1 og 2 (mindre enn 22 volumprosent alkohol) eller gruppe 1, 2 og 3 (til og med 60 volumprosent alkohol).

12.3 Pubar, diskotek og nattklubbar

Pubar skal ha tilbod om matserving, til dømes i form av à la carte meny. Stadar som søker om bevilling for gruppe 1, 2 og 3 skal ha 20 års aldersgrense. Stadar som søker om bevilling for gruppe 1 og 2 skal ha 18 års aldersgrense. Dei som ikkje har nådd aldersgrensene skal ikkje ha tilgang til skjenkestadane. Aldersgrensene blir å ta inn i vedtaka som eit eige vilkår. Ansvar for forsvarleg vakthald i lokala og ved inngangen til lokala, kviler på bevillingshavar.

12.4 Ungdomsdiskotek

Ungdomsdiskotek har stort sett eit ungt publikum og skal ikkje ha skjenkebevilling.

13. Idretts- og samfunnshus

Samfunns- og idrettshusa blir nytta til ymse tilstellingar i lokalsamfunna, mellom anna tilskipingar for ungdom. Husa blir også leigde ut til selskapslokale i samband med bryllaup og jubileum. Som hovudregel skal desse stadane vere alkoholfrie. Ut frå generelle edruskapsomsyn skal det ikkje innvilgast skjenkebevilling ved enkelthøve til ungdomsarrangement i samfunns- eller idrettshusa.

Når det blir gitt skjenkebevilling for enkelt høve skal arrangementa ha aldersgrenser i samsvar med bevilling for grupper alkohol. Ambulerande bevilling kan innvilgast for skjenking av alkohol når husa blir leigde ut til bryllaup, jubileum og andre slutta lag.

14. Kommunale bygg

Det bli ikkje gitt skjenkebevilling i kommunale bygg med unntak av kommunale kulturhus, Giske rådhus og Giske omsorgssenter.

15. Rusfrie arrangement

Rusfrie arrangement bør ikkje lokaliserast til skjenkestadene fordi det ikkje bør opparbeidast ei tilknytning mellom skjenkestadene og ungdom under 18 år. Det er viktig at slike arrangement blir lagde til lokale som kan knytast til eit totalt rusfritt miljø. Fritidsklubben, frivilligsentralen og skulane er aktuelle lokale for slike arrangement.

16. Avgrensingar

16.1 Stadar det ikkje blir gitt skjenkeløyve

- arrangement som primært rettar seg mot barn og ungdom under 18 år
- stadar som har pengeautomatspel på eller i tilknytning til skjenkestaden
- stadar som har stripping, topplaus-servering og liknande som del av underhaldningstilbodet / driftskonseptet

16.2 Stadar eller situasjonar der skjenkebevilling kan ikkje påreknast

- ved tilskipingar der ein stor del av deltakarane er barn og unge under 18 år
- serveringsstadar i tilknytning til idrettsanlegg, idrettshallar, barn og unge sine fritidsaktivitetar og liknande.
- serveringsstadar som ligg like ved skular og barnehagar
- i byggjefelt
- serveringsverksemder som ligg ope til i kjøpesenter og som er samlingsstad for barn og unge

Sjå også punkt 11.4 og 12 om ungdomsdiskotek, idretts- og samfunnshus.

17. Skjenking utandørs

Frå tid til annan vil det bli søkt om skjenking ute, til dømes på terrasse i tilknytning til skjenkearealet. Søkjarar må leggje ved skisse som viser avgrensa område det er ønskje om å skjenke på. Skjenketida kan bli innskrenka etter vurdering av skjenkeområde.

Ved behandling av søknaden skal følgjande tilhøve leggest vekt på:

- lokalisering av skjenkestaden og type nærmiljø
- om skjenking ute vil føre til uro for naboar og andre i nærområdet
- at det blir naudsynt nattero i området
- å skjerme bustadområdet
- å legge til rette for rusfrie miljø for barn og unge
- kontrollomsyn – er det mogleg å avgrense skjenkearealet?
- storleik og utforming på skjenkestaden som kan gjere det vanskeleg for personalet å halde oversikt og vanskeleg for kommunen å drive effektiv kontroll

18. Omsetjingsoppgåve

Bevillingshavar med faste bevillingar skal innan 31.03. kvart år sende inn oppgåve over mengde omsett alkoholhaldig drikk det siste kalenderåret og mengde forventa omsett alkoholhaldig drikk inneverande år. Ikkje innsendt oppgåve innan fristen som kommunen har satt fører til tildeling av to prikkar, jf. alkoholforskrifta [§ 10-3](#) tredje ledd.

- det elektroniske skjemaet til kommunen skal nyttast
- det skal betalast gebyr av ut frå rapportert mengde
- kommunen sender faktura
- det blir fakturert eit minstegebyr for inneverande år
- dersom det er omsett større mengde alkoholhaldig drikk enn minstegebyret dekkjer blir det etterfakturert for det
- bevillingshavar skal samstundes sende inn oppgåve som er stadfesta av revisor over faktisk omsett mengd alkohol. Dette for å sikre eit objektivt grunnlag for innbetaling av kommunal alkoholavgift

19. Gebyr for sal og skjenking

Bevilling	Merknad	Heimel
Faste salsbevillingar	Det skal betalast gebyr etter mengde omsett alkohol, minimum minstegebyr	Alkoholforskrifta § 6-2
Faste skjenkebevillingar		
Skjenkebevilling ved enkelt høve	Giske kommunestyre fastset årleg satsar	Gebyr og betalingsattsar for Giske kommune
Ambulerande skjenkebevilling	Fast sats (I 2024 kr 440)	Alkoholforskrifta § 6-2

Gebyret skal dekkje utgiftene kommunen har til kontroll med sals- og skjenkebevillingane, deretter til å dekkje kommunen sine utgifter til saksbehandling samt førebyggjande tiltak.

20. Kontroll med sals- og skjenkebevillingane

Den kommunale kontrollen med sals- og skjenkebevilling er avgjerande for ein god alkoholpolitikk. Kontrollen med korleis bevilling blir brukt, er svært ofte eit effektivt verkemiddel mot dei vanlegaste problema rundt forsvarleg alkoholomsetning, slik som over-skjenking, vald og fyll på offentlege stadar.

Vedtak om inndraging av sals- og skjenkebevilling skal avgjerast av formannskapet. Ansvar for kontrollen med bevillingane er delegert til kommunedirektøren. Kommunen har for tida avtale med privat aktør om kontroll. Det blir føretatt kontrollar både med og utan at verksemda er varsla på førehand. Der skal utførast minimum tre gongar så mange kontrollar i året som det er skjenkestadar i kommunen. Det kan gjerast avtale om ekstra kontrollar. Seinast ved avslutning av kontrollbesøket skal kontrollørane presentere og legitimere seg overfor den som har ansvaret på staden. Alkoholforskrifta [§ 9-7](#).

21. Kontroll av sals- og skjenkestadene

Alkoholforskrifta [kapittel 9](#).

Det skal først tilsyn med at bevillingshavarane følgjer alkohollova, vilkåra i bevillinga og dei kommunale retningslinjene elles. Skjenkekontrollen i kommunen skal først og fremst legge vekt på å kontrollere:

- sals- og skjenketidene
- aldersgrense-reglane
- om det blir selt eller skjenkt til tydeleg rusa personar
- rettleie bevillingshavarane om føresegnene i alkohollova og lokale forskrifter
- leggje grunnlag for sanksjonar, t.d. inndraging, dersom lov, vilkår eller retningslinjer blir brotne
- at reklameforbodet blir halde
- omsetjing av narkotika på skjenkestadene
- at det ikkje blir tatt med alkoholhaldig drikk til skjenkestadene

Kontrollørane skal utarbeide skriftleg rapport om kontrollbesøka. Seinast ei veke etter at kontrollbesøket er føretatt, skal rapporten sendast til bevillingshavar som får to veker på seg til å eventuelt kommentere rapporten.

22. Reaksjonar ved brot på alkohollova og anna relevant lovverk

Alkohollova [§ 1-8](#).

Kommunestyre kan inndra ei bevilling. Ved brot på alkoholreglane blir sals- og skjenkestadane tildelt prikkar alt etter alvorsgrad. Dersom det blir tildelt 12 prikkar eller fleire i løpet av ei to-årsperiode skal bevillinga inndragast for ei veke eller meir.

Alkoholforskrifta [§ 10-3](#).

Det er hovudsakleg brot på alkohollova som gir grunnlag for inndraging av kommunale bevillingar. Dette gjeld ikkje berre det som er fastsett og knytt til sal og skjenking. Andre brot på reglane i alkohollova, som for eksempel reklameforbod og manglande innbetaling av gebyr, er i utgangspunktet inndragingsgrunn. Det same gjeld også narkotikaomsetnad på skjenkestaden.

22.1 Reaksjonar ved brot ved faste sals- og skjenkebevillingar

Alkoholforskrifta §§ [10-1](#) til [10-7](#) gir nærare reglar om reaksjonar og inndraging av bevillingar etter alkohollova [§ 1-8](#) første og andre ledd. Alt etter alvorsgrad for brot på regleverk blir det tildelt frå ein til åtte prikkar. Dersom bevillingshavar i løpet av ein perioden på to år er tildelt til saman 12 prikkar, skal bevillinga bli inndradd for eit tidsrom på ei veke. Dersom det blir tildelt fleire enn 12 prikkar i løpet av to-årsperioden, skal lengda på inndraginga aukast tilsvarande, jf. forskrift om omsetjing av alkoholholdig drikk mv. Kommunen skal sende førehandsvarsel til bevillingshavar, og bevillingshavar skal orienterast om konsekvensar ved ytterlegare prikktildeling.

22.2 Reaksjonar ved brot ved skjenkebevilling ved enkelthøve og ambulerande skjenkebevillingar

Ved brot på vedtektene der det er gitt skjenkebevilling ved enkelthøve og ambulerande skjenkebevilling vil bevillingshavar ikkje kunne få ny bevilling i løpet av inntil seks månadar. Ved gjentatt brot kan bevillingshavar misse retten til å få skjenkebevilling ved enkelthøve og ambulerande skjenkebevilling for inntil tre år.

23. Delegering av mynde i Giske kommune

Sjå delegeringsreglementet til Giske kommune.

24. Klage

24.1 Klage ved avslag på søknad om skjenkebevillingar

Alkoholova [§ 1-16](#).

Statsforvaltaren er klageorgan for kommunale enkeltvedtak som er gjort etter § 1-8 og kapittel 3, 4 og 7 i alkoholova. Statsforvaltaren kan prøve om vedtak gjort av kommunen er gjort på lovleg vis, er treft av korrekt organ og om det har blitt til på lovleg måte.

24.2 Klage ved tildeling av prikkar

Alkoholforskrifta [§ 10-5](#).

Klage over tildeling av prikkar kan klagast på etter reglane i forvaltningslova, jf. § 28. Det kan klagast over tildeling av prikkar i samband med prikktildelinga, eller bevillingshavar kan nytte klageretten over denne prikktildelinga ved eventuell seinare inndraging av bevilling dersom denne tildelinga er ein del av grunnlaget for inndraginga.

Klager skal sendast til post@giske.kommune.no eller til Giske kommune, Valderhaug 4, 6050 Valderøy. Klagefristen er tre veker frå den dato vedtaket har kome fram til søkjar.